

## Soga om Finn

Finn heitte ein mann. Han var stor og sterk og halden for å vera heller ordhag. Finn var kongens rådgjevar i spørsmål som gjaldt sild, og ingen mann i norderlanda hadde slik greie på sildevanane som han. Finn og følagane hans vart kalla fiskeforskarar. Fem år etter den store krigen fekk fiskeforskarane eit nytt langskip av kongen. Skipet nemndest «Sarsen». Det var ovleg stort og sterktbygd med gode rom, og ombord hadde Torvald Lydmakar og Gudmund Etterklang sett den nye sildesjåaren som dei hadde laga. Med sildesjåaren kunne Finn og mennene hans finna silda på lang lei og deretter bera bod til fiskarane om funna sine gjennom trålaus-prataren. For dette fekk Finn mykje heider og han fekk tilnamnet Silde-Finn. Kvar vinter drog no Silde-Finn i vesterveg, og kvar sumar i norderveg, og vitra fiskarane om sildefunn. Fiskarane var ovnøgde med dette tiltaket. Om dette kved Klaus Fiskeherer:

Før måtte mange menner møta i  
Måløy  
mykje for tidleg.  
No får fiskar og fant med kvendi  
seg kosa,  
for Finn fer ute med «Sarsen».

Etter at han nøye hadde vakta sildevanane i nokre år, sa Silde-Finn at no ville snart sildefisket slutta i søre luten av landet. For dette fekk han flir hjå sume og vondord hjå andre, for er det noko folk ikkje likar så er det at tilhøva ikkje alltid vil vera slik som dei har vore. Deretter slutta sildefisket i søre luten av landet. Om dette kved Salte Skald:

Tusen tunner med salt og sukker  
sørøm Stad  
er jamgodi med vekkslengd  
skilling.  
Betre eg fór og sylv eg sanka  
om Silde-Finn's soger eg leit.

Silde-Finn var årvisst å sjå på det store fiskeforskar-tinget i Kauphamn. Dit kom og Svea-Hans, ein vidgjeten fiskeforskar fra Vest-Götaland. Hans var usamd i mykje av det Finn fortalte om sildevanane og dei drøfta dette jamt og lenge, men utan å verte samde. Då Finn skjøna at sildefisket også tok til å minka nord i landet — slik som han også hadde sagt på førehand — drog han til Vinland. I tre sumrar etter kvarandre før han til Vinlands-kysten og fann der store mengder av lodde, som han meinte nordmennene burde fiska. Ettersom han no hadde nådd den alderen då ein vert friteken for vidare kongs-tjeneste, sluttan å fara. Men før han drog seg attende, vart han heidra på fiskartinga rundt om i landet. På det store fiskartinget i Bjørgvin våren 1972 var fiskarane ottefulle for framtida, dei meinte det minka så med fisk og sild i havet. Då kvad Finn:

Mørkemanns meinig og maktes-  
løysa  
må hivast i haug og hav.  
Framifrå forskarar vil framleis fara  
og fisken finna om Finn får folke-  
trygd.

Ved desse orda gleddest alle, og ikkje  
minst felagane hans. Og dei samlast  
mannjamt ved det store vårblotet  
for å hylla han, og for å leika seg med  
kvendi sine.

Odd Fiinflag.